



Møteprotokoll

Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Ulstein rådhus, kommunestyresalen
Dato:	01.12.2020
Tid:	Kl. 12:00 – 18:40

Medlemmar som møtte

Renathe Rossi-Kaldhol
Bennie Bantilan Hansen
Knut Erik Engh
Stian Lehmann Scheide
Steinar Torvik
Lisa Mari Breivik Anderson

Representerer

Ap
Frp
Frp
H
KrF
Sp

Funksjon

medlem
medlem
ordfører
varaordfører
medlem
medlem

Forfall

Hanne Notøy

Representerer

Ap

Varamedlem

Egil Ulfstein

Representerer

H

Andre som møtte

Arne Runar Vik Adm
Gry Nordal Adm
Kari Marie Øvrebø Adm
Marit Botnen Adm
Monica Cecilie Torp Adm
Norunn Kirkebø Elde Adm
Aage Christensen UEKF
Hilde Ringen Hofseth
Hedvig Haakonsholm
Steinar Nummedal Adm
Ida Marlen Kjøde Adm
Anne Hestflått UEKF

kommunalsjef teknisk
kommunalsjef oppvekst og kultur
utvalssekretær
kommunalsjef helse og omsorg
kommunalsjef organisasjon og utvikling
kommuneoverlege
dagleg leiar
hovdtiltitsvald for Fagforbundet Ulstein
hovdtiltitsvald for Utdanningsforb. Ulstein
økonomileiar
økonomikonsulent
prosjektleiar

Møtenotater:

Deltaking

Hilde Ringen Hofseth (hovdtiltitsvald for Fagforbundet Ulstein) og Hedvig Haakonsholm (hovdtiltitsvald for Utdanningsforbundet Ulstein) tok sete frå kl. 14. Dei har møte- og talerett (ikkje røyserett) i økonomiplansakene, og tok del i sak PS 139/20, PS 140/20 og PS 138/20.

Monica Cecilie Torp møtte i rolla som kommunedirektør i Verner Larsen sitt fråvær. Verner Larsen tok del i møtet frå kl. 17:05 og tok del i slutten av sak PS 140/20, samt PS 138/20 og 147/20.

PS 140/20 Økonomiplan 2021-2024

Vedtak:

Formannskapet si tilråding 01.12.2020:

1. Kommunedirektøren sitt framlegg til økonomiplan 2021 – 2024 og budsjett 2021 vert vedteke slik det går fram av kommunedirektøren sitt framlegg, med følgjande endringar:

-

-

Dette gir slikt oppsett i skjema 1 a/b og 2 a/b
(vert klipt inn ved endeleg vedtak)

2. Ulstein kommunestyre godkjenner eit låneopptak på kr. **, -

Kommunestyret godkjenner låneporteføljen til Ulstein kommune, og alle lån i porteføljen kan vere gjenstand for refinansieringar i budsjettåret 2021.

3. Administrasjonen kjem tilbake med ein fordeling av det uspesifiserte innsparingskravet på 3 millionar kroner for budsjettåret 2021 til formannskapet.

Behandling:

Framlegg frå AP og SP:

Kommunedirektøren sitt framlegg til økonomiplan 2021-2024 og budsjett 2021 vert vedteke slik det går fram av kommunedirektøren sitt framlegg, med følgjande endringar:

Tiltak	2021	2022	2023	2024
Tilbakeføring av auke i eigedomskatt	6 750 000	6 750 000	6 750 000	6 750 000
Covid-19 - auke i rammetilskot	-7 038 000			
Auka innparingskrav		-6 750 000	-6 750 000	-6 750 000
Sum endringar i høve kommunedirektørens framlegg	-288 000	0	0	0

Framlegg frå Høgre:

Kommunedirektøren sitt framlegg til økonomiplan 2021-2024 og budsjett 2021 vert vedteke slik det går fram av kommunedirektøren sitt framlegg, med følgjande endringar:

Tiltak	2021	2022	2023	2024
Tilbakeføring av auke i eigedomsskatt	6 750 000	13 500 000	13 500 000	13 500 000
Auka innparingskrav 2021	-2 500 000	-2 500 000	-2 500 000	-2 500 000
Auka innparingskrav 2022		-6 500 000	-6 500 000	-6 500 000
Provenyauke eigedomsskatt (antall + prisvekst)	-550 000	-700 000	-850 000	-950 000
Justert - Endra rammer omsorg	-2 500 000	-2 500 000	-2 500 000	-2 500 000
Covid-19 - auke i rammetilskot	-7 000 000			
Covid-19 - auke i driftsutgifter	5 000 000			
Reduksjon i kjøp av varer og tenester	-2 500 000	-5 000 000	-5 000 000	-5 000 000
Barnehage - reduserte antall plassar i bruk	-550 000			
Sum endringar i høve kommunedirektørens framlegg	-3 850 000	-3 700 000	-3 850 000	-3 950 000

Røysting:

Høgre sitt framlegg fall med 3 mot 4 røyster;
Stian Lehmann Scheide, Egil Ulfstein og Steinar Torvik stemte for Høgre sitt framlegg.

Senterpartiet og Arbeidarpartiet sitt framlegg fall med 2 mot 5 røyster;
Lisa Mari Breivik Anderson og Renathe Rossi-Kaldhol stemte for Senterpartiet og Arbeidarpartiet sitt endringsframlegg.

Kommunedirektøren si tilråding vart vedteke med 4 mot 3 røyster;
Stian Lehmann Scheide, Egil Ulfstein og Steinar Torvik stemte i mot kommunedirektøren si tilråding.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunedirektøren sitt framlegg til økonomiplan 2021 – 2024 og budsjett 2021 vert vedteke slik det går fram av kommunedirektøren sitt framlegg, med følgjande endringar:

-

-

Dette gir slikt oppsett i skjema 1 a/b og 2 a/b
(vert klipt inn ved endeleg vedtak)

2. Ulstein kommunestyre godkjenner eit låneopptak på kr. **, -

Kommunestyret godkjenner låneporteføljen til Ulstein kommune, og alle lån i porteføljen kan vere gjenstand for refinansieringar i budsjettåret 2021.

3. Administrasjonen kjem tilbake med ein fordeling av det uspesifiserte innsparingskravet på 3 millionar kroner for budsjettåret 2021 til formannskapet.

Uttale frå Administrasjonsutvalet 09.11.2020:

Administrasjonsutvalet tek framlegget til budsjett og økonomiplan for 2021-2024 til orientering, og er inneforstått at det må gjerast omfattande grep for å kome i balanse og sikre ei bærekraftig drift. Grunna dette ser administrasjonsutvalet det som viktig at dei hovudtillitsvalde får møte- og talerett i den vidare handsaminga i formannskapet fram til utlegging av budsjettframlegget.

Uttale frå Fellesrådet 10.11.2020:

1. Fellesrådet viser til prognosen for Ulstein kommune som viser ein auke i antal eldre i åra framover.
Fellesrådet føreset at det vert teke høgde for dette i planarbeidet og i prioriteringar i tida framover.
2. Fellesrådet går i mot auke av eigedomsskatt.

Uttale frå Formannskapet 09.11.2020:

Arbeidet med budsjett og økonomiplan vert å føre vidare i neste formannskapsmøte.

Uttale frå Levekårsutvalet 11.11.2020:

Levekårsutvalet tek økonomiplan 2021-2024 til vitende.

Uttale frå Teknisk utval 12.11.2020:

Teknisk utval tek til vitende kommunedirektøren sitt framlegg til økonomiplan 2021-2024.

Uttale frå Formannskapet 17.11.2020:

Arbeidet med budsjett og økonomiplan vert å føre vidare i neste formannskapsmøte.